



Kantor Eva Megyesi er klar for sommarkonsert i Uskedalen. Bilete er frå Berlevåg kyrkje der ho heldt konsert i sommar.

Kantor Eva Megyesi saman med song- og musikkgruppa Rustne Menn inviterer til konsert i Uskedal kyrkje i kveld, måndag 17. august, kl. 19.00. Det vert ein publikumsvenleg konsert med alt frå orgeltonar, jazzprega kyrkjemusikk til norske og irske viser.

Kantor Eva Megyesi kjem frå byen Arrad i Romania, på grensa til Ungarn. Ho har vore organist i Kvinnherad sidan 2012. Mannen hennar, Pavel, er organist i Odda. Eva Megyesi er også musikalsk leiar for Rosendal Songlag, kyrkjekoret Nordsaang og for kvartetten ÆRE. På konserten i kveld vil ho framføra orgeltonar, jazz, swing og elles mykje fin sommarmusikk.

Rustne Menn med Tore Nordahl Pedersen (bass), Svein Rimestad (gitar) og Kristian Bringedal (trekkspel)

held seg for det meste til låtar med norsk tekst. Nokre irske tekstar er omsett til nynorsk av Svein Rimestad. I det fine sommarveret er opningsmelodien Kom sommarvijnn, tekst Arvid Hansen, melodi Tore Karoline Knudsen.



[Rustne Menn](#) fotografert på Dønhaug med majestetiske Ulvanoso i bakgrunnen.

Alle er med dette inviterte. Gratis inngang. Høve til gje ei gåve pr. Vipps.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: berlevågnytt.com / Ronny Pedersen